


Grønstrukturen i Sogndal er i endring



1995



2018



Arealbruken i og rundt Sogndal sentrum har endra seg mykje dei siste tiåra. Kva kan desse endringane få å seie for til dømes biologisk mangfald, kulturmiljø og tilgang til friluftsområde? Og korleis kan vi forklare endringane? Dette studerer vi i forskingsprosjektet Surround. Både kart, flyfoto og gamle bilete frå tettstaden gir kunnskap om korleis grønstrukturen i Sogndalsfjæra såg ut for 30-40 år sidan. Ved å samanlikne med situasjonen i dag, kan vi dokumentere endringane som har skjedd. Her viser vi nokre foto som Ingvild Austad og Leif Hauge ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule tok i 1983 og 1995, og som Leif Hauge ved HVL har gjenfotografert i seinare tid.

Har du foto frå Sogndalsfjæra på 1980- eller 1990-talet som kan eigne seg til gjenfotografering? Ta gjerne kontakt med oss på epost liv.hamre@hvl.no eller telefon 975 71 684!



1983



2019



1983



2019

Talet på frukttrær i Sogndalsfjæra har gått ned frå 744 i 1988 til 206 i 2018 (Stokstad og Gamme 2019). Bildepara viser mange døme på dette.

Gjenfotograferinga av Sogndal er del av forskingsprosjektet Surround (*Sustainable urbanization of small and medium sized urban settlements and their surroundings*). Prosjektet er finansiert av Forskningsrådet, MILJØFORSK-programmet, og omfattar seks partnarar under leing av Vestlandsforskning. Formålet med Surround er å kartlegge endra arealbruk over 30 år i fire små og mellomstore tettstader, og analysere drivarar bak endringane. Dette skal gi innsikt i vilkår for berekraftig tettstadutvikling.



Vilkår for berekraftig tettstadutvikling

tettstad.no